



Kulturvandring

AUSTRHEIM: Søndag 14. september kl. 14 inviterer Austrheim kyst- og sogelag til kulturminnevandring i Mastrevikane – Austrheim sitt første industrisamfunn. Turen startar ved hermetikkfabrikken og det gamle båtbyggeriet, går forbi nokre av husa i det første bustadfeltet i Austrheim, vidare forbi butikkane undervegs til Mastrevik Slip- og Mekaniske verkstad. Turen går vidare til butikken og posten på kaien. Turen sluttar i slippen der ein får sjå den nye ferja som er under bygging.



Ope gardsmuseum

RADØY: Nordanger gardsmuseum held ope søndag 17. september. Den gamle skulen på Nordanger vart bygd i 1864 og var i bruk til 1912. Skulen er no museum med samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet. Denne dagen kan du sjå skulehuset og samlingane. Huset er no innreia som: Bustad for lærar (Kammers) elles ting frå skule, hushald, snikkar, skomakar, fiske og fangst og jordbruksreiskap (Handreiskap) og skreddar m.m.




Sel hjorteløype

GULEN: Gulen kommune har i år sal av eitt kommunalt hjorteløype. Gulen kommune er grunneigar i jaktfeltet Prestegarden i Eivindvik. Jaktfeltet er inkludert i Storvaldet Gulen Nordvest hjorteveld. Den som vinn loddtrekinga avtalar med jaktfeltsleiar kva dyr som vert tildelt. Prisen er kr. 5000. Mva er inkludert i prisen. Utgifter til ettersøkshund og fellingsavgift kjem i tillegg. Interesserte jegerar kan melde si interesse til postmottak@gulen.kommune.no innan 18. september. Dei med bustadadresse i Gulen går føre. Det vert loddtrekking.



MJÅSUND NÆRINGSARK: Dette arealet på 411,3 daa vil grunneigar Frode Kversøy å få regulert til næringsareal.



MJØMNA: Anlegget er prosjektert på Mjømna vest i Gulen, der det er tilkomst via Byrknesvegen og via sjøvegen. **KARTGRUNNLAG:** KARTVERKET, GEOVEKST OG KOMMUNAR – GEODATA AS

nar på Mjømna

forbruket går ned. Dermed er det mogleg å etablere her ute, seier han.

Det som har bekymra folk i lokalmiljøet, er forbruket av ferskvatn frå tre vatn på Mjømna. Braanaas meiner uroa er utan grunn.

- I anlegget vil det sirkulere 600.000 liter vatn i minuttet, der ein prosent vatn vert skifta ut og resten reinsa og resirkulert. Dermed vil vi trenge 3000 liter ferskvatn og 3000 liter sjøvatn kvart minutt. Dette ferskvatnet utgjør ein femtedel av den naturlege avrenninga frå vatna, seier Braanaas om planane.

Vil vurdere andre stader

Braanaas er klar til å sette spaden i jorda og reise eit bygg til 150 millionar kroner så raskt som råd, men det er skjær i sjøen. Først må reguleringsarbeidet fullførast, så må han søke om konsesjon og løyve frå sentralt hald, ein prosess som gjerne tek to år. Han meiner kommunen kunne gjort meir for å lette denne prosessen.

- Vi synst at det kunne vere betre tilrettelegging. Andre stader utviklar kommunane næringsareal som dei stiller disponibelt for bedrifter som vil etablere seg. Her må ein i stor grad gjere jobben sjølv, seier Braanaas.

as.

- Vi ønsker å bygge opp verksemd i området her, og det er ein fordel for oss å legge dette lokalt, men om nokon ikkje ønsker oss her, bygger vi ein annan stad. Då går samfunnet her glipp av 20-25 arbeidsplassar, barn i barnehagen og folk i butikken.



Vi synst det kunne vere betre tilrettelegging.
OLA BRAANAAS
oppdrettar i Gulen

- Har vore pådrivar

Slik svarar Gulen-ordførar Hallvard Oppedal på kritikken frå Ola Braanaas:

Gulen kommune kjenner seg ikkje att i desse påstandane frå Ola Braanaas.

Saka dette gjeld er at han gjennom sitt firma gjekk til fleire kommunar med spørsmål om kommunane kunne legge til rette areal til eit post-smoltanlegg. Dei ville ha eit ferdig planert område som dei deretter ville kjøpe til kostpris.

Gulen kommune sette i gang ein prosess opp mot Fylkesmannen om tre konkrete område som kunne vere aktuelle, og bad om førehandsuttale frå Fylkesmannen om kor raskt vi kunne komme i gang med utbygging. Eit av områda, på Mjømna, var eigd av ein lokal entreprenør, og han var svært interessert i at anlegget skulle kome på hans område, og han kunne opparbeide område og selje det direkte til Ola Braanaas og hans firma.

Dette er etter kommunen

sitt syn ei god ordning, og det er no arbeid på gang med reguleringsplan for dette området. Gulen kommune har vore med som arrangørar av eit folkemøte om saka, og elles vore til disposisjon. Vi har såleis etter vårt syn vore pådrivarar for at anlegget skulle kome til Gulen, og at Ola Braanaas på ein god måte kunne starte opp med utbygginga.

Så vil eg sei generelt at Gulen kommune, gjennom vårt arbeid med arealdelen i kommuneplassen har hatt eit tett samarbeid med oppdrettsnæringa, og prøvd å legge til rette areal i sjø slik næringa ynskjer.

Vi har no 11500 da. sjøareal til disposisjon for næringa, noko som er høgt både samanlikna med andre nærings- og andre kommunar. Dette har vore med på at Ola Braanaas og andre har kunna utvikle næringa på ein god måte, noko også kommunen er glade for. Dette samarbeidet håpar eg vil fortsette også i framtida, slik at vi i lag kan vere med på å utvikle denne næringa framover på ein god og berekraftig måte.

HØSTSALG
HOS RØRLEGGERN!

Opptil

60%

avslag på en rekke varer

KAMPANJEDAGER 30. AUGUST - 16. SEPTEMBER 2017

AS Haugland VVS
Lyngveien 2
56 35 77 90
www.comfort.no

Comfort

AS Haugland VVS

Åpningstider: Man-tors 09:00-16:30 • Fre 09:00-19:00 • Lør 10:00-15:00